

# **Årsmelding**

## **2016**



## **Gjesdal sokn**

## Saksliste

### 1. Konstituering

Ordstyrar:

- Forslag: Svein Ingve Nødland

Referent:

- Forslag: Tone Middelthon

### 2. Val av to personar til å signere protokoll

- Forslag til vedtak:

### 3. Årsmelding 2016

- Årsmeldinga vert teken til orientering.

### 4. Rekneskap 2016

- Rekneskapen vert teken til orientering.

### 5. Eventuelt

## ÅRSMELDING FOR GJESDAL SOKNERÅD 2016

Gjesdal sokneråd har hatt desse medlemmane i år:

Svein Ingve Nødland, leiar  
Olga Slettebø Gilje, nestleiar  
Torgeir Lima  
Frank Sivertsen  
Berit Sola Gilje, kasserar  
Heidi Bollestad  
Bjarte Hetlebakke, sokneprest  
Olav Vegard Søyland, 1. vara  
Inger Bjelland, 2. vara

Tone Middelthon er dagleg leiar.

Til Gjesdal kyrkjelege fellesråd møter:

Torgeir Lima  
Olav Vegard Søyland  
Berit Sola Gilje 1. vara  
Heidi Bollestad 2. vara  
Frank Sivertsen 3. vara

Soknerådet har hatt 10 møter og handsama 45 saker, mellom anna desse:

- Økonomi og gjevarteneste til trusopplæringa
- Strategiplanarbeid
- Arrangement i soknet
- Gudstenesteplan og offerplan
- Klokkarteneste/gudstenesteutval i Dirdal
- Utsmykking i Oltedal
- Varmestyring i Oltedal
- Ny kyrkjetenar i Gjesdal og Oltedal
- Ønskjer for stillinga som ny organist/musikalsk leder
- Projektor i Dirdal
- Møte med prost
- Representasjon i fellesrådet
- Innspel til fellesrådet sin økonomiplan
- Leke gudstenester i Gjesdal kyrkje
- 50 årskonfirmantfest
- Val av ny biskop
- Diakoni, besøk av diakonen
- Kyrkje-barnhage/-skulesamarbeidet, besøk av kateketen

Soknerådet har stort fokus på det frivillige arbeidet. Det vert jobba for å få fleire unge og vaksne inn i ulike frivillige oppgåver knytt til aktiviteten i soknet. Me set stor pris på alle dei frivillige som allereie har ei teneste og vil nytta høvet til å takka for den innsatsen som blir lagt ned gjennom året til beste for oss alle.



Frå synfaring med politikarane i Gjesdal kyrkje mai 2016.

## TRUSOPPLÆRING

Det er stadig større interesse for, og kunnskap om, trusopplæringstiltaka, og tilbakemeldingane er gode. Barna lærer om trua, dei får oppleve godt fellesskap og kjenne at dei høyrer til i kyrkja, og samtidig legg me vekt på at barna er verdifulle i seg sjølv og kan bety noko for andre menneske.

I arbeidet med trusopplæring i Gjesdal er det både oppturar og utfordringar. Årets suksesshistorie er heilt nytt og vårt eige: tiltaket «PLAN B». 3.påskedag (29.mars), skulenes planleggingsdag, var alle 1.-4.klassinger frå Dirdal og Oltedal invitert til ein dag i Oltedal kyrkje. 44 barn hadde ein dag fullt av aktiviteter, fellessamling, aldersinndelt samling, ulike aktivitetsgrupper, og ei fin lita gudsteneste som avslutning. Trusopplærar, kateket, daglig leiar og prest, samt ein frivillig og ein kurshaldar var med. Opplevinga under arrangementet og tilbakemeldingar frå barn og foreldre var svært gode, og vi gleder oss til å invitere til ny Plan B påsken 2017.

Me har opplevd gjennom tilbakemeldingar at folk som kjem til kyrkja, forventar å få vera med på noko litt anna enn det dei møter andre stader. Slike tilbakemeldinga gjer oss enno meir frimodighet å kunne dele Jesus med dei som kjem til kyrkjene våre.

Sidan hausten 2015, og gjennom heile 2016 har vi drive ein open barselkafé i Oltedal kyrkje. Oppmøtet har vore veldig varierande, samstundes som det blir opplevd meiningsfullt å vera der for dei som nyttar seg av tilbodet. Me må vurdere om kanskje det kunne vore meir aktuelt med samlingar, med meir program og innhald, og med bindande påmelding.

Me har som tanke at me i Gjesdal driv med bygging av merkevare, og spesielt med tanke på trusopplæringstiltaka våre. Me ynskjer å kunne tilby god kvalitet, framfor kvantitet. Vi ynskjer å stolt kunne invitere til dei ulike tiltaka, og det er me.

Gjennom året har me sendt invitasjon til desse tiltaka:

0 år: Dåpssamtalar og barselkafe

2 år: Skattekistesamling

4 år: Utdeling av 4-årsbok med samling før, og under gudstenesta

5 år: Hausttakkefest

6-10 år: PLAN B

7 år: Utdeling av 6-årsbok med samling under gudstenesta

3. kl: Tårnagentsamling

5. kl: 11-årsweekend

5. og 6. kl: Lys våken

9 kl: Konfirmentar

Desse sat i trusopplæringsutvalet for soknet i 2016:

Samuel Lima Madland, frivillig  
Kristine Hiim Gilje, trusopplærer  
Olga Slettebø Gilje, representant for soknerådet  
Leif Nyborg, kateket  
Tone Middelthon, trusopplæringsleiar

Gjennom året har sokneråd og stab jobba med å få fleire gjevarar til trusopplæringa. Om kvar enkelt bidreg med litt kvar månad, blir resultatet eit godt trusopplæringsarbeid som betyr mykje for barn, unge og familiar i soknet. Me vil nytte høvet til å takka dei som er gjevarar allereie, og samtidig ønskje nye velkomne.



Frå Plan B, 3. påskedag 2016



11-årsweekend, mai 2016

## KONFIRMANTARBEID

Konfirmantane i Dirdal og Oltedal har undervisning saman. For året 2016-15 var all indervisning på Gilja bedehus. Kullet 2016-17 har delt, halve året på Gilja, halve året i Oltedal kyrkje. Dette er ut til å fungera fint. Me har ein god gjeng med leiarar i konfirmantarbeidet, Det er konfirmantsamlingar annankvar mandag mellom 19.30 og 21.00. I snitt er det ca 15 samlingar tilsaman. I tillegg kjem det 8 obligatoriske gudstenester. Samlingane følgjer i stor gra temarekkja frå UngdomsAlpha.

I februar-mars arrangerar me konfirmantleir på TOnstadli. Denne leiren er ikkje obligatorisk og heller ikkje gratis. Dei fleste er med på leir, i 2016 alle bortsett frå 3

## GUDSTENESTEARBEID

Biskopen i Stavanger har bestemt at det skal haldast 12 gudsteneste i kvar av dei tre kyrkjene kvart år. I tillegg kjem 1 gudsteneste i kvar om sumaren og høgtidene. Påske, pinse og julefeiringa følgjer fast rytme: Palmesøndag og Langfredag i Dirdal, Skjærtorsdag og Kristi Himmelfart i Oltedal. Påske, pinse- og juledag i Gjesdal.

Gjesdal sokneråd har i nokon år vald å satse på Oltedal som hovudgudstenestestad og der me ønskjer hovudfokus for arbeidet i soknet. Her er det dermed gudsteneste litt oftare, helst annankvar søndag. Men alt i alt er det vanskeleg å halda oppe ein fast rytme for gudstenester i Gjesdal sokn. Dette gjev utfordringar for annonseringar og informasjon.

I mai avslutta Pauline Gilje si tid som trufast klokkar i Dirdal. Ho har gjort ein framifrå jobb og fekk ein heidundrande avslutningskyrkjekaffi som takk for arbeidet. I løpet av hausten fekk me på plass ei gruppe med 4 frivillige til eit gudstenestetteam i Dirdal; Olga Slettebø Gilje, Jon Harald og Kristin Tune, Kari Anne Steinskog. Tre av dei stiller etter tur som tekstlesar/klokkaroppgåver. Fjerdemann har ansvar for kyrkjekaffi. Det er også fleire som kan spørjast ved behov, men som ikkje ønskjer å sitja fast i teamet.

I Gjesdal fortsette gudstenesteutvalet (det såkalla ”Kyrkjemøtet på Bjelland”) med å bidra inn i dei vanlege gudstenestene, samt å halda lek-gudstenester. Dei har i snitt 4 gudstenester i året. Iløpet av sumaren kom det fleire nye medlemmar til i gudstenesteutvalet, og like før årsskiftet vart det beslutta å søkje om godkjenning for to nye gudstenesteforettarar: Vidar Gjesdal og Velaug Trodal.

Gudstenestetteamet i Gjesdal kyrkje er no: Inger og Svein Bjelland, Anne Lise og Vidar Gjesdal, Signe og Skjalg Edland, Velaug Trodal og soknepresten. Rundt desse er ei flott gruppe med frivillige som stiller opp til ulike tenester. Olav Vadla og Torgeir Lima er klokkarar, 4 månader om gongen kvar.

## **HUSFELLESSKAP/TEMAKVELDAR**

To gonger i året samlas eit kippe prestar på Holmavatn for å utarbeide temapreiker og cellegruppeopplegg for neste halvår. Dette har me brukt i husfellesskapet som Bernard Pedersen starta i Oltedal. Våren 2016 prøvde me å ta dette inn heimane, med blanda erfaring. Det var vanskeleg å halda oppe ei forpliktande samling. Difor flytta me samlinga tilbake til kyrkja på hausten, og gjorde det til temasamlingar for heile soknet. Iløpet av hausten var mellom 15 og 20 innom, der det blant anna vart teke nådegåvetest. Tilbakemeldinga på desse samlingane var at ein gjerne vil ha fleire slike, med undervisning, mat og samtale. Det er også innspel om å etablere eit tettare samarbeid mellom Gjesdal sokn og Fredly bedehus, med tanke på samlingar som dette.

## **SKULE/BARNEHAGE/KYRKJE - SAMARBEIDET**

I 2016 var tala for skule/kyrkje-samarbeidet slik:

Besøk på skulen av representant fra kirken: 28 skuletimar totalt.

Besøk i kyrkja av skuleklassar: 5 besøk.

1 klasse: Kateket besøker skulen med tema kyrkjekunst. (Ikkje gjennomført 2016-nytt opplegg blir utarbeida.)

3 klasse: Pinsevandring i kyrkja. (Bare gjennomført i Oltedal)

4 klasse: Klassane besøker kyrkjene med prest. Tema er sorg, død og gravferd.

5 klasse: Bibelkurs kalla “Vandring gjennom Bibelen”.

6 klasse: Klassane besøker kyrkja med tema kristne symbol.

I 2016 var tala for barnehage/kyrkje- samarbeidet slik:

2 julevandringar

## **DIAKONI**

Diakoniutvalet er felles for Gjesdal og Ålgård sokn. Med utgangspunkt i diakoniplanen for 2014-2016 har utvalet arbeidd for å styrka den diakonale tenesta. På grunn av at dei to sokna

er ganske ulike, møtest medlemmane frå Gjesdal og Ålgård kvar for seg nokre gonger i året i såkalla arbeidsgrupper.

- Utvalet arrangerte eldrefest for alle eldre i kommunen på Gjesdal bygdaus i september, med 125 deltakarar.
- Arbeidsgruppa til Gjesdal var med på hausttakkefest i Gjesdal kyrkje i oktober. Dette var eit tiltak i trusopplæringa for 5-åringar, der og bygdekvinnene var med og pynta.
- Diakoniutvalet ønskjer å halda ein årleg konsert eller temakveld om diakoni. I 2016 arrangerte utvalet ein konsert med Hilde Svela og musikarar, knytta opp til markeringa av allehelgensdag.
- På allehelgensdag var det gudstenester i alle dei tre kyrkjene i Gjesdal sokn, der vi minst dei døde. Medlemmar frå diakoniutvalet deltok med lystenning og forbøn.
- Fleire frivillige går på besøk med blomehelsingar til dei i kyrkjelydane som fyller 80, 85, 90 og for kvart år etter 90. Det er totalt 6 personar med i denne tenesta, og i 2017 var det 25 personar i Gjesdal sokn som fekk blomehelsing.
- Pårørande etter dødsfall blir følgde opp av diakon eller frivillig ei stund etter gravferda. Det blir gitt tilbod om å vere med i ei sorggruppe, som er felles for Sandnes, Jæren og Dalane prosti. Frå Gjesdal og Ålgård er det er fire frivillige leiarar av sorggrupper.
- Stasjonsklubb Ungdom, som er eit tilbod lagt til rette for ungdom med særskilde behov, møtest annankvar veke på Ålgård. Det er no 14 ungdommar som er med i klubben, og saman med mange vaksne leiarar er dette eit fellesskap som det er godt å vere i. Nokre av deltakarane er frå Gjesdal sokn.
- Ei gruppe som ønskjer å starte opp besøksteneste møttest to gonger i haust. 5-6 frivillige, soknepresten og diakonen vil arbeide for å styrkje denne diakonale tenesta vidare.

I 2016 har desse vore medlemmar i diakoniutvalet frå Gjesdal sokn: Marit Ramsli (nestleiar), Heidi Bollestad, Bjørg Oftedal, Pauline Gilje og diakon Tonje Vilberg Bjerkeim.

## MUSIKK

Ålgård kirkekor deltok våren 2016 i eit prosjekt saman med Jæren kammerkor og Hundvåg kantori med framføring av Messe for en såret jord i Ålgård kirke 24. april. Dette vart avslutningskonserten for Ålgård kirkekor. Etter at dirigentstillinga vart lagt ned i 2015, vart det forsøkt vidare drift med Ragnhild som dirigent på engasjement. Men det enda med nedlegging av koret på årsmøtet 26. april 2016.

Elles er den kyrkjemusikalske verksemda knytta til gudstenester, vigsler og gravferd.

Det vart arrangert hAllsang i Dirdalshallen 30. oktober.

Gjesdal kyrkje var utleigd til julekonsert med Sonja Lie 17. desember



## Konfirmasjon Dirdal kyrkje 2016

### REKNESKAP

Økonomistyringa er rimeleg god. Rekneskapen vart gjort opp med eit underskot på 27.000 NOK. Hovedårsak til det er at har fått inn 55.000 mindre enn budsjettert når det gjeld fast givarteneste. Det er og eit overforbruk når det gjeld barne- og ungdomsarbeid.

Det skal samtidig understreka at givartenesta har gått opp med ca. 30.000 jamført med fjoråret. Ofringar har og gått opp i 2016. For å dekke inn behova til trusoplæring og konfirmantarbeid må me samle inn ennå meir midlar.

### STATISTIKK

Statistikken syner ein gledeleg liten oppgang i gjennomsnitt for kyrkjegjengarar i 2016 samanlikna med 2015. Det er også ein markant auke i talet på nattverdgjestar. Vi har innført nattverd ved intinksjon i fleire gudstenester, og talet kan kanskje henga saman med dette. Det vert fortsatt jobba for å auke talet på døype i kyrkjene våre. Når ein tek omsyn til befolkningsveksten og talet på medlemmar i vår kyrkjelyd som ikkje vel å døypa barna sine, er det ein stor jobb å gjere for å få fleire til dåp. Det er viktig for oss å løfta fram moglegheita for å døypa ikkje berre små barn, men og større barn, unge og vaksne.

Svein Ingve Nødland (sign)  
- soknerådsleiar -

Tone Middelthon  
- dagleg leiar –

### Årsregnskap 2016 for Gjesdal sokneråd

|                 |                                                     | Buds(end<br>) | Regnska<br>p | Avvik(per.<br>) |
|-----------------|-----------------------------------------------------|---------------|--------------|-----------------|
|                 |                                                     | 2016          | 2016         | 0               |
| Funksjon        |                                                     |               |              |                 |
| : 1000 Sokneråd |                                                     |               |              |                 |
| 1110            | Div materiell knyttet til gudstjeneste/menighetsarb | 10            | 12           | 2               |
| 1112            | Bibler og undervisningsmateriell                    | 1             | 1            | 0               |
| 1116            | Dåpsmateriell, 4-årsbok                             | 5             | 0            | -5              |
| 1117            | Matvare/bevertning                                  | 10            | 8            | -2              |
| 1120            | Andre utgifter                                      | 10            | 10           | 0               |
| 1122            | Arrangementer                                       | 5             | 51           | 46              |
| 1123            | Barne- og ungdomsarbeid                             | 23            | 51           | 28              |
| 1130            | Porto/bankgebyr                                     | 3             | 3            | 0               |
| 1170            | Reiseutgifter                                       | 8             | 0            | -8              |
| 1190            | Leie av lokaler                                     | 0             | 1            | 1               |
| 1200            | Inventar og utstyr                                  | 20            | 13           | -7              |
| 1340            | Refusjon til fellesråd                              | 120           | 150          | 30              |

|                             |                                     |      |      |     |
|-----------------------------|-------------------------------------|------|------|-----|
| 1470                        | Tilskudd/gaver til andre            | 5    | 5    | 0   |
| 1530                        | Dekn av tidl års merforbruk         | 25   | 25   | 0   |
| 1570                        | Overføring til investeringsregnskap | 52   | 51   | -1  |
| 1590                        | Avskrivinger                        | 0    | 4    | 4   |
| sum utgifter                |                                     | 297  | 385  | 88  |
| 1610                        | Betaling fra deltakere              | 0    | -12  | -12 |
| 1612                        | Kontingent, inntekt                 | 0    | -5   | -5  |
| 1750                        | Refusjon fra menighetsråd           | 0    | -12  | -12 |
| 1770                        | Refusjon fra andre                  | 0    | -11  | -11 |
| 1840                        | Tilskudd fra fellesrådet            | -20  | -20  | 0   |
| 1850                        | Tilskudd fra menighetsråd           | -18  | -19  | -1  |
| 1860                        | Offer innsamlet til egen virksomhet | -40  | -66  | -26 |
| 1862                        | Fast givertjeneste                  | -141 | -86  | 55  |
| 1870                        | Tilskudd/gaver fra andre            | 0    | -49  | -49 |
| 1900                        | Renteinntekter                      | -1   | -4   | -3  |
| 1940                        | Bruk av ubundne fond                | -25  | -25  | 0   |
| 1950                        | Bruk av bundne fond                 | -52  | -51  | 1   |
| 1980                        | Regnskapsmessig merforbruk          | 0    | -27  | -27 |
| 1990                        | Motpost avskrivinger                | 0    | -4   | -4  |
| sum inntekter               |                                     | -297 | -391 | -94 |
| Sum funksjon: 1000 Sokneråd |                                     | 0    | -7   | -7  |


|                          |                                                            |     |     |    |
|--------------------------|------------------------------------------------------------|-----|-----|----|
| Funksjon                 |                                                            |     |     |    |
| :                        | 2000 Offer                                                 |     |     |    |
| 1465                     | Overføring av ofringer/innsamlede midler til andre         | 80  | 83  | 3  |
| 1865                     | Offer/innsamlet til annen virksomhet (til viderefordeling) | -80 | -83 | -3 |
| Sum funksjon: 2000 Offer |                                                            | 0   | 0   | 0  |

|                                  |                                                     |   |   |   |
|----------------------------------|-----------------------------------------------------|---|---|---|
| Funksjon                         |                                                     |   |   |   |
| :                                | 8000 Ungdomsarbeid                                  |   |   |   |
| 1110                             | Div materiell knyttet til gudstjeneste/menighetsarb | 0 | 6 | 6 |
| 1195                             | Avgift, gebyr lisens                                | 0 | 1 | 1 |
| Sum funksjon: 8000 Ungdomsarbeid |                                                     | 0 | 7 | 7 |

## Gjesdal kyrkje 2016


|                              | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|------------------------------|------|------|------|------|------|
| Gj.sn.antall kirkegjengere   | 94   | 73   | 75   | 68   | 68   |
| Gj.sn.antall nattverdgjester | 37   | 32   | 30   | 31   | 40   |
| Antall døypte                | 20   | 13   | 16   | 18   | 16   |
| Antall konfirmerte           | 14   | 6    | 12   | 9    | 7    |
| Antall vigde                 | 12   | 10   | 14   | 11   | 8    |

|       |       |       |       |       |       |
|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Offer | 75393 | 77631 | 51188 | 51835 | 37985 |
|-------|-------|-------|-------|-------|-------|



## Oltedal kyrkje 2016

|                              | 2012   | 2013   | 2014   | 2015  | 2016  |
|------------------------------|--------|--------|--------|-------|-------|
| Gj.sn.antall kirkegjengere   | 60     | 55     | 65     | 57    | 65    |
| Gj.sn.antall nattverdgjester | 25     | 21     | 20     | 36    | 34    |
| Antall døypte                | 8      | 7      | 6      | 7     | 13    |
| Antall konfirmerte           | 13     | 11     | 6      | 6     | 5     |
| Antall vigde                 | 0      | 2      | 0      | 0     | 0     |
| Offer                        | 35 795 | 32 336 | 51 854 | 35052 | 45483 |



## Dirdal kyrkje 2016

|                              | 2012   | 2013   | 2014   | 2015  | 2016  |
|------------------------------|--------|--------|--------|-------|-------|
| Gj.sn.antall kirkegjengere   | 79     | 74     | 79     | 75    | 90    |
| Gj.sn.antall nattverdgjester | 24     | 27     | 34     | 19    | 29    |
| Antall døypte                | 7      | 8      | 12     | 8     | 6     |
| Antall konfirmerte           | 5      | 16     | 13     | 13    | 17    |
| Antall vigde                 | 3      | 3      | 3      | 4     | 5     |
| Offer                        | 37 889 | 36 548 | 32 050 | 33218 | 41588 |

